

Innkalling og referat – FAU-møte ved Klepp ungdomsskule

Dato og tid for møte: 15/3-23

Rom: Møterom 2. etg.

Møtte:

Klasse	Representant	Kryss av	Vararepresentant	Kryss av
8a	Sigve Meling			
8b	Hanne Bloch Valebjørg	X		
8c	Katrine Bryne Johnsen			
8d	Ola Sotnakk	X		
9a	Marilyn Paula Kristiansen			
9c	Geir Erik Ellefsen	X		
9d	Jon Petter Nordbø	-		
9b	Linda Øvrebø	X		
10a	Bent Horpestad	X		
10b	Rita Butterworth			
10c	Tove Borsheim Vagle	-		

Barnevakten

Natteravn

22/23-16	Informasjon frå rektor
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen: <ul style="list-style-type: none">- Nyleg hatt foreldremøte for nye 8-klassingar.- Fleire lærarar sluttar, det blir arbeidd med tilsettingar.- Utfordring med meir dårleg språk og åtferd lenger ned i klassane, og i barneskulen. Fleire elevar som slit. Skulen jobbar aktivt med dette.- Fyrste år med eksamenar sidan korona. Endringar i eksamen, t.d. matematikk – andre typar problemløysing. Munnleg eksamen er nokså uendra, men får lengre tid til å vise kva dei kan.- Yrkesmessa for 9. steg var vellukka. Mykje engasjement og kreativitet. Fint å ha dette på 9. steg, slik at ungdommane får litt meir tid til å tenkje på framtidig skuleval m.m.	
Kva blei bestemt:	
Kven tek ansvar:	

22/23-17	Evaluering av nyttårsball
----------	---------------------------

Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:

- Ungdommane oppførte seg eksemplarisk. Det var dans og leik og moro. Ungdommane var fornøgde; dei treivst og hadde det gildt, og dei følte seg trygge. Litt mange foreldre ein periode, men det gjekk fint. Elevrådsleiar Amal gjorde ein svært god jobb. Det kom nokon ifrå Bore som prøvde seg, men vart viste bort av vaktene.
- Ikkje høyrte noko negativt. Ting fungerte som det skulle.
- Har berre høyrte skryt frå både elevar og vakter. Alt gjekk som planlagt og bestemt.
- God stemning frå fyrste stund. God planlegging gjorde at alt var føreseieleg for ungdommane.
- Det har vorte sagt at dette ballet var mykje kjekkare enn tidlegare ball. Det var det var gode eksemplar på at elevar som stod aleine blei inkludert, det såg ut som alle hadde det veldig gildt.
- Økonomien: litt rotete med betalinga, men i det heile kom nok det meste av billetttingane inn.
- Nyttårsball fungerte bra, betre å ha det på nyåret enn føre jul.

Kva blei bestemt:

- Nyttårsball bør vidareførast slik det vart gjort dette året

Kven tek ansvar:

- FAU/Elevrådet

22/23-18	Spørsmål om økonomisk støtte til aktivitetar i klassane
----------	---

Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:

Leiar lyfta fram ei sak til prinsippavklåring på bakgrunn av ein førespurnad får 10C om økonomisk støtte. FAU har ein kasse men inga inntekt. Saldo per i dag er omlag 41.000 kroner. I fjor fekk alle klassar 2000 kroner etter korona. Skal dette vidareførast? Kommunen og andre kan søkje spesielt, men så lengje FAU ikkje har inntekt, kan det ikkje budsjetterast med denne typen utlegg. FAU kan likevel støtte skuleball t.d., og ev. andre enkeltsaker. Elevrådet kan òg søkjast om støtte.

Kva blei bestemt:

- FAU kan ikkje gje slik støtte

Kven tek ansvar:

- Leiar orienterer om vedtaket.

22/23-19	Elevundersøkinga – orientering ved rektor
----------	---

Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:

Elevundersøkinga vart gjort i november. Fekk svara fyrst medio januar.

Tala syner at Klepp ungdomsskule jamt over ligg på snittet frå landet elles, men det er eit par unntak. Særleg gjeld dette mobbing, der både 8. og 9. steg ligg signifikant over både landet elles og Klepp kommune, noko som skulen er overraska over. Dette blir teke på alvor og jobba systematisk med. Vegen vidare er at undersøkinga blir gjennomgått på alle steg, og ein ser på alle punkt. Klepp-skulen har system som slår inn når det skal jobbast med desse avvika.

Kva blei bestemt:

Kven tek ansvar:

22/23-20	Kvalitetsmeldinga – rektor orienterer
----------	---------------------------------------

Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:

Orientering om korleis skulen jobbar mot mobbing, med prøvar, tidleg innsats m.m.

Ligg på kommunen sine heimesider/oppvekst.

Fungerer kvalitetsmeldinga som dokument for å jobbe mot måla i skulen?

Skulen har kunnskap om tala og kan lese informasjon ut av tabellane. Skulen har stor nytte av dokumentet.

Kvalitetsmeldinga kjem tidlegare neste år.

Kva blei bestemt:

Kven tek ansvar:

22/23-21	Natteramn – Hanne orienterer
----------	------------------------------

Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen:

- Ei utfordring å få tak i natteramnar. Natteramnane møter kl. 22 og skal gå frå 23-01. Nøklar på McDonalds. Kva kan me gjere for å få natteramnar til å stille. Skal ein gå tidlegare for å oppdage ungdommar som er rusa? Skal foreldre til 6. og 7. steg inviterast til å vere med? Problem med at enkelte ikkje stiller på vakta dei er sett opp på.
- Forslag om at det kan lagast ein pool der folk som har interesse av å vere natteramn kan melde seg, som eit tillegg til foreldrevaktene.

Kva blei bestemt:

- Det kan opnast for at 6. og 7.-steg kan stille, og at ein kan starte tidlegare på kvelden

Kven tek ansvar:

Hanne gjev tilbakemelding

22/23- 22	Barnevakten – rektor orienterer
Informasjon om saka – kva kom fram frå diskusjonen: Gratis elev- og foreldrekveld om nettvett i regi av Barnevakten. Dette temaet er svært aktuelt.	
Kva blei bestemt: FAU ynskjer å imot tilbodet med fysisk føredrag	
Kven tek ansvar: Rektor tek saken opp i lærargruppa og tek kontakten med Barnevakten.	

Neste møte Tysdag 23. mai kl. 19	
Oppsummering	<i>Sakar som skal følgjast opp neste møte:</i>